



DET KONGELIGE DIGITALISERINGS-  
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Digitaliseringsdirektoratet  
Postboks 1382 Vika  
0114 OSLO

Deres ref

Vår ref  
24/3105-84

Dato  
22. september 2025

## Statsbudsjettet 2025 – Digitaliseringsdirektoratet - supplerande tildelingsbrev nr. 4

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til tildelingsbrev til Digitaliseringsdirektoratet (Digdir) for 2025. Dette supplerande tildelingsbrevet omhandler følgende saker:

1. Løyvingsendringar RNB 2025
2. Oppdrag om bemanning til sekretariat for dataprioriteringsrådet

### 1. Løyvingsendringar RNB 2025

Stortinget har ved behandlinga av Innst. 540 S (2024-2025), jf. Prop. 146 S (2024-2025), vedtatt følgende løyvingsendringar i statsbudsjettet for 2025:

| Kap. | Post | Løyvingsendring (kroner) | Ny løyving (kroner) |
|------|------|--------------------------|---------------------|
| 1540 | 25   | - 500 000                | 150 241 000         |

Løyvingsendringane stillast til disposisjon for Digdir.

### 2. Oppdrag om bemanning til sekretariat for dataprioriteringsrådet

Vidarebruksutvalet anbefalte i NOU 2024: 14 *Med lov skal data deles*, at det etablerast eit nasjonalt prioriteringsråd for deling og vidarebruk av data frå offentleg verksemd. Denne anbefalinga er i tråd med regjeringas ambisjon om en meir open og gjennomsiiktig offentleg sektor, og er også eit tiltak i Digitaliseringsstrategien.

Data som har størst nytte for samfunnet – både i form av moglegheit for verdiskaping og auka gjennomsiiktighet – skal prioriterast for tilgjengeleggjering. For å støtte dette målet har

Postadresse  
Postboks 8004 Dep  
0030 Oslo  
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse  
Akersg. 59  
www.dfd.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
932 384 469

Avdeling  
Avdeling for  
digitaliseringspolitikk

Saksbehandlar  
Ragnhild Sund  
22 24 72 76

regjeringa bestemt å etablere eit nasjonalt dataprioriteringsråd. Dataprioriteringsrådet skal vurdere og anbefale kva data frå offentleg sektor som bør prioriterast for finansiering, tilrettelegging og deling.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) ønsker å legge sekretariatet til Digitaliseringsdirektoratet (Digdir), for å sikre rett kompetanse hos sekretariatet og sette det i stand til å utøve rolla. Mandatet for dataprioriteringsrådet seier at rådet skal vere sjølvstendig og uavhengig frå regjeringa. Det inneber at rådet ikkje skal vere underlagt politisk styring eller vere ein del av regjeringsapparatet. I tråd med reglane for sekretærar i regjeringas utvalsarbeid i staten (jf. rettleiaren pkt. 2.4), vil det same gjelde for sekretariatet. Sekretariatet vil ikkje representere Digdir eller DFD, men jobbe på vegne av rådet. Vidare, i tråd med rettleiaren, skal tilsette i direktoratet som blir sett til sekretariatsarbeid, fritakast frå sine ordinære arbeidsoppgåver i den perioden rådet arbeider.

DFD ber Digdir om å stille til disposisjon ressursar med relevant erfaring og kompetanse for sekretariatet til dataprioriteringsrådet for en periode på 18 månader, med moglegheit for forlenging.

Ressurspersonane skal ha relevant fagkompetanse og kapasitet for å kunne ivareta sekretariatsfunksjonen og levere i tråd med mandatet innan angitt tidsramma. Det er viktig at dei har god kjennskap til Digdirs verkemidlar og kan bidra til å knytte rådets arbeid til desse.

Sekretariatet skal ivareta sekretariatsfunksjonen for dataprioriteringsrådet. Dette inneber å støtte rådet i planlegging, gjennomføring og oppfølging av rådets møte og arbeid, samt støtte med nødvendig saksførebuing, dokumentasjon og kommunikasjonsflyt. Sekretariatet har òg ansvaret for den skriftlege utforminga av rådets anbefalingar og løysingsforslag. På vegne av rådet skal sekretariatet levere ferdige løysingsforslag innan 10. april 2026.

Sekretariatet skal vidare legge til rette for effektiv møteverksemd. Det inneber mellom anna å stille eigna møtelokale til disposisjon for dataprioriteringsrådet i Digdirs lokalar på Økern Portal. Lokalar skal tilbys for en periode på 18 månader, med moglegheit for forlenging.

Digdir tildelast 1 500 000 kroner til sekretariatsoppgåver for rådet over kap. 1541, post 22 i 2025. Kostnadene for møta til rådet, inkludert reisekostnader og bevertning, skal dekkes iht. satsar i Statens personalhandbok pkt. 10.14.2. Det er ei øvre ramme på 100 000 kroner per fysiske møte. Inkludert i dette beløpet er det satt av inntil 1 100 000 kroner for eksterne utgreiingar. Eksterne utgreiingar skal bestillast av sekretariatet innan utgangen av 2025, basert på behovsinnsjill frå rådet.

Ansvarleg avdelingsdirektør i DFD: Catharina Nes.

Med helsing

Siri Halvorsen (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Timothy Szlachetko  
avdelingsdirektør

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Kopi

Riksrevisjonen